
Saksnr: 2020/35639-19
Saksbehandlar Bjørn Skorpa Eikeland
Dato: 28.01.2021

Til: Petter Lem Gullestad

Frå: Bjørn Skorpa Eikeland

vedtaksmynde - byggjegrænse mot fylkesveg i Kvam herad

Me viser til epost av 27.01.21 kor det vert bedt om at heimelsgrunnlaget for vedtaksmynde for handheving av byggjegrænse mot fylkesveg vert gjort greie for.

Forvaltning Vestland vart på slutten av 2020 gjort merksam på at Kvam herad hadde tatt med føresegn med byggjegrænse mot fylkesvegar i kommuneplanens arealdel 2019 - 2030.

Kvam herad har i brev av 27.01.2021 svart på vår førespurnad om å gjere greie for korleis føresegn 1.6.3 skal tolkast. Kvam herad har i sitt svar stadfesta at intensjonen med føresegna er at dei *øvrige fylkesvegane* i heradet skal ha byggjegrænse på 30 meter, og at denne skal handterast av heradet sjølv. Øvrige fylkesvegar i Kvam herad er fylkesvegar med nummer 576, 5116, 5118, 5120, 5122 og 5124.

Me tolkar denne tilbakemeldinga til å bety at fylkesvegar med nummer 48, 49 og 79 ikkje er råka av føresegn 1.6.3, og at Vestland fylkeskommune skal handheve byggjegrænse mot desse etter veglova.

Me legg difor til grunn at det er Vestland fylkeskommune som er rette vedtaksmynde i klagesak med referanse 202/35639.

Kopi av dette notatet vert sendt til klagar med epost.

Vedlegg

- 1 førespurnad om presisering av føresegn
- 2 svar på førespurnad